
Saknr: 2020/45564-1
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Kontrollutvalet		

Oppfølging - Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen, om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9 i handlingsplanen etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, innan 04.11.2020.

Samandrag

Forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve på bakgrunn av vedtak gjort i Hordaland fylkesting 12.12.2018. I denne saka vert difor kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune invitert til å ta stilling til den tredje oppfølginga av forvaltningsrevisjonen.

Hogne Haktorson
Kontrollsjef

Roald Breistein
seniorråddevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Statusrapport per 24.04.20 - Handlingsplan om fråfall i vidaregåande opplæring
- 2 Statusrapport per 24.04.20 - Handlingsplan om fråfall i vidaregåande opplæring

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget i Hordaland fylkeskommune gjorde slikt vedtak i sak PS 108/2018 i møte 12.12.2018:

«På bakgrunn av forvaltningsrevisjon innan fråfall i vidaregåande opplæring ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:

- 1. Sikre at registrering av sluttårsak i størst mogleg grad er korrekt, slik at ein får så få feilkjelder som mogleg.*
- 2. Sikre at det blir gjennomført systematiske analyser av fråfallsårsaker, karakteristika som påverkar fråfallet, og skulebidragsindikatoren ved den enkelte skule, for å få eit betre grunnlag for iverksetting av målretta tiltak.*
- 3. Gjere systematiske analyser av årsaker til heving av lærekontraktar per fagområde, for å få eit betre grunnlag for målretta tiltak.*
- 4. Sikre at fråfallsførebyggjande tiltak på den enkelte skule blir systematisk evaluert.*
- 5. Leggje ytterlegare til rette for erfaringsdeling og deling av beste praksis når det gjeld arbeid med fråfall.*
- 6. Analysere årsaken til at det er begrensa bruk av midlar til særleg oppfølging og/eller tilrettelegging for lærlingar, og vurderer eventuelle tiltak.*
- 7. Arbeide for å avklare og tydeleggjere ansvarsfordelinga mellom fylkeskommunen og opplæringskontora når det gjeld oppfølging av lærebedrifter som er medlem av opplæringskontor.*
- 8. Sette i verk tiltak for å få betre oversikt over, og kome tidlegare inn i, saker der det er utfordringar i eit lærlingforhold som medfører risiko for heving av kontrakt.*
- 9. Sikre at OT, og eventuelle andre relevante aktørar, blir involvert i oppfølging av saker der det er risiko for heving av lærekontrakt.*
- 10. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.03.2019 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.*
- 11. Alle tiltak som vert sett inn for å førebyggja og redusera fråfall bør evaluerast.»*

Denne forvaltningsrevisjonen har vore følgd opp av kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune ved 2 tidlegare høve der det i møte i kontrollutvalet 25.11.2019 vart gjort slikt vedtak:

- 1. Kontrollutvalet ber fylkesrådmannen i Hordaland fylkeskommune arbeide vidare med forbetringpunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, som ein del av arbeidet med førebuinga til fylkessamanslåinga frå 01.01.2020.*
- 2. Kontrollutvalet oppmoder fylkesrådmannen i Vestland fylkeskommune, om å koma med tilbakemelding til kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune innan 01.04.2020, på korleis forbetringpunkta etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring er ivareteke i den nye fylkeskommunen. Dette gjeld i første rekke for punkta 3, 4, 5, 6, 7, 8 og 9.*

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å følgje opp vedtak i revisjonsrapportar, jf. kommunelova § 23-2, e som lyd slik:

«vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.»

Vurderingar og verknader

Sekretariatet har motteke vedlagte notat med vedlegg dagsett 24.04.2020 frå fylkesrådmannen som inneheld ny status for oppfølging av forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring. Av notatet går det fram at det er ein del av det resterande forbetringsarbeidet, og det er kome noko

lenger enn ved førre rapportering. Det er framleis ein del forbetningsarbeid som ikkje er ferdig gjennomført. Dette gjeld i første rekke for punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9.

Fylkesrådmannen har i si tilbakemelding signalisert at han vil komme attende med ny status til kontrollutvalet hausten 2020.

Konklusjon

På bakgrunn av det som går fram over, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber fylkesrådmannen om å komme med ny skriftleg tilbakemelding på punkta 3, 5, 6, 7, 8 og 9 i handlingsplanen, etter forvaltningsrevisjon av fråfall i vidaregåande opplæring, innan 04.11.2020.